



Hordaland Fylkeskommune OPPLÆRINGSAVDELINGA  
Agnes Mowinkels gate 5

5008 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1981 - 16/17415

Saksbehandlar:  
Nora Gjerde  
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:  
20.06.2016

## Høring - Skulebruksplan HFK

Vedlagt følgjer vedtak i Kommunestyret – 16.juni 2016.

Med helsing  
Nora Gjerde  
administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune OPPLÆRINGSAVDELINGA  
Kristin Moe



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
043/16	Levekårsutvalet	PS	07.06.2016
061/16	Formannskapet	PS	09.06.2016
042/16	Kommunestyret	PS	16.06.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	16/1981

## Høyring - Skulebruksplan HFK

### Vedlegg:

Rullering av HFK sin Skulebruksplan - uttale høyring

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sender uttale til Hordaland Fylkeskommune sin skulebruksplan som er på høyring. Kommunestyret gir i sitt høyringssvar uttale på kva for moment som må takast omsyn til i høve til vidaregåande opplæring i Nordhordland.

### Levekårsutvalet - 043/16

#### LE - behandling:

Orientering til saka v/kommunalsjef oppvekst Kristin Moe

#### Fellesframlegg:

Uttale i Levekårsutvalet:

#### *Rullering av HFK sin Skulebruksplan – Innspel til høyringsprosessen*

*Politisk nivå i Lindås kommune har handsama HFK sitt framlegg til rullert Skulebruksplan i Levekårsutvalet og i Kommunestyret, og ønskjer å kome med følgjande innspel:*

- 1. Kommunestyret i Lindås støttar HFK sine framlegg til kriterier om reisetid, og vurderer det som positivt at HFK ønskjer å leggje til rette for at elevar på Vg1 bør kunne bu heime samt ikkje ha meir enn 1 time reiseveg frå bustaden til skulen.*
- 2. Kommunestyret i Lindås har forståing for at ein må koordinere tilbod og etterspørsel også innafor vidaregåande opplæring samt at det er kostbart å drive skular med ledige elevplassar. Vi kan likevel ikkje akseptere at studieplassar i distrikta blir avvikla*

- grunna ledig kapasitet i sentrale strøk.
3. Kommunestyret i Lindås vil spele inn at frå hausten 2017 vil elevar i vidaregåande skule ha rett til å gå på nærskulen sin. Det vil i denne samanheng vere feil å avvikle nærskulen i Austrheim, då dette bryt med HFK sine eigne kriterier for reisetid. For dei elevane med lengst reiseveg til skulen, kan ei avvikling av Austrheim vgs føre til at dei får reisetid langt over 1 time kvar **dag-veg med buss** eller i realiteten må busetje seg på hybel. Dette blir eit klart brot på HFK sin intensjon med omsyn til kriterier for reisetid.  
**Opprusting/utbygging av Austrheim vidaregåande skule må vurderast snarast. Dersom det er aktuelt å byggje ny skule på Austrheim, bør det vurderast anna geografisk plassering nærare Mongstad/Fonnes.**
  4. Kommunestyret i Lindås erfarer at det har vore godt samarbeid med næringslivet i distriktet med omsyn til samarbeid om lærlingeplassar. Det vil vere feil å byggje ned tal studieplassar i Nordhordland distrikt så lenge vi har høve til å tilby læreplassar her. **Viser til at region Nordhordland har aukande elevtal i planperioden.**
  5. Kommunestyret i Lindås er overraska over at HFK vil byggje ned studietilbodet i regionen, og vil argumentere sterkt for at HFK i staden vurderer å etablere fleire studietilbod i regionen. **Studietilbodet Service og samferdsel ved Knarvik vgs bør opprettast-igjen oppretthaldast, og i tillegg er det eit stort ønskje om å etablere få tilført faget Kunst, design og arkitektur samt idrettsfag som eit studietilbod i regionen. Det er stort idrettsengasjement i regionen, med aktive idrettslag og Knarvikmila, for å nemne eit par interessentar. Med idrettsanlegga i regionen vil det vere mogleg å samarbeide med HFK om det å byggje opp eit studietilbod innafor Idrettsfag. Regionen har også behov for studietilbod retta mot Medium og kommunikasjon, Musikk, dans, drama samt Vaksenopplæring.**
  6. **Kommunestyret i Lindås vil peike på at det er eit stort behov for å samlokalisere Knarvik vidaregåande skule, og ber om at framdrifta med omsyn til dette blir framskunda.**

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **LE - vedtak:**

#### **Uttale i Levekårsutvalet - 07.06.2016:**

Lindås kommune sender uttale til Hordaland Fylkeskommune sin skulebruksplan som er på høyring. Kommunestyret gir i sitt høyringssvar uttale på kva for moment som må takast omsyn til i høve til vidaregåande opplæring i Nordhordland.

Politisk nivå i Lindås kommune har handsama HFK sitt framlegg til rullert Skulebruksplan i Levekårsutvalet og i Kommunestyret, og ønskjer å kome med følgjande innspel:

1. Kommunestyret i Lindås støttar HFK sine framlegg til kriterier om reisetid, og vurderer det som positivt at HFK ønskjer å leggje til rette for at elevar på Vg1 bør kunne bu heime samt ikkje ha meir enn 1 time reiseveg frå bustaden til skulen.
2. Kommunestyret i Lindås har forståing for at ein må koordinere tilbod og etterspørsel også innafor vidaregåande opplæring samt at det er kostbart å drive skular med ledige elevplassar. Vi kan likevel ikkje akseptere at studieplassar i distrikta blir avvikla grunna ledig kapasitet i sentrale strøk.
3. Kommunestyret i Lindås vil spele inn at frå hausten 2017 vil elevar i vidaregåande skule ha rett til å gå på nærskulen sin. Det vil i denne samanheng vere feil å avvikle nærskulen i Austrheim, då dette bryt med HFK sine eigne kriterier for reisetid. For dei elevane med lengst reiseveg til skulen, kan ei avvikling av Austrheim vgs føre til at dei får reisetid langt over 1 time kvar **dag-veg med buss** eller i realiteten må busetje seg på hybel. Dette blir eit klart brot på HFK sin intensjon med omsyn til kriterier for reisetid.

Opprusting/utbygging av Austrheim vidaregåande skule må vurderast snarast. Dersom det er aktuelt å byggje ny skule på Austrheim, bør det vurderast anna geografisk plassering nærare Mongstad/Fonnes.

4. Kommunestyret i Lindås erfarer at det har vore godt samarbeid med næringslivet i distriktet med omsyn til samarbeid om lærlingeplassar. Det vil vere feil å byggje ned tal studieplassar i Nordhordland distrikt så lenge vi har høve til å tilby læreplassar her. **Viser til at region Nordhordland har aukande elevtal i planperioden.**
5. Kommunestyret i Lindås er overraska over at HFK vil byggje ned studietilbodet i regionen, og vil argumentere sterkt for at HFK i staden vurderer å etablere fleire studietilbod i regionen. **Studietilbodet** Service og samferdsel ved Knarvik vgs bør **opprettast igjen oppretthaldast**, og i tillegg er det eit stort ønskje om å **etablere få tilført faget Kunst, design og arkitektur samt idrettsfag som eit studietilbod** i regionen. Det er stort idrettsengasjement i regionen, med aktive idrettslag og Knarvikmila, for å nemne eit par interessantar. Med idrettsanlegga i regionen vil det vere mogleg å samarbeide med HFK om det å byggje opp eit studietilbod innafør Idrettsfag. Regionen har også behov for studietilbod retta mot Medium og kommunikasjon, Musikk, dans, drama samt Vaksenopplæring.
6. **Kommunestyret i Lindås vil peike på at det er eit stort behov for å samlokalisere Knarvik vidaregåande skule, og ber om at framdrifta med omsyn til dette blir framskunda.**

## **Formannskapet - 061/16**

### **FO - behandling:**

Uttale frå levekårsutvalet vart utdelt i møtet.

Uttalen vart samrøystes vedteke.

### **FO - vedtak:**

Lindås kommune sender uttale til Hordaland Fylkeskommune sin skulebruksplan som er på høyring. Kommunestyret gir i sitt høyringssvar uttale på kva for moment som må takast omsyn til i høve til vidaregåande opplæring i Nordhordland.

Politisk nivå i Lindås kommune har handsama HFK sitt framlegg til rullert Skulebruksplan i Levekårsutvalet og i Kommunestyret, og ønskjer å kome med følgjande innspel:

1. Kommunestyret i Lindås støttar HFK sine framlegg til kriterier om reisetid, og vurderer det som positivt at HFK ønskjer å leggje til rette for at elevar på Vg1 bør kunne bu heime samt ikkje ha meir enn 1 time reiseveg frå bustaden til skulen.
2. Kommunestyret i Lindås har forståing for at ein må koordinere tilbod og etterspørsel også innafør vidaregåande opplæring samt at det er kostbart å drive skular med ledige elevplassar. Vi kan likevel ikkje akseptere at studieplassar i distrikta blir avvikla grunna ledig kapasitet i sentrale strøk.
3. Kommunestyret i Lindås vil spele inn at frå hausten 2017 vil elevar i vidaregåande skule ha rett til å gå på nærskulen sin. Det vil i denne samanheng vere feil å avvikle nærskulen i Austrheim, då dette bryt med HFK sine eigne kriterier for reisetid. For dei elevane med lengst reiseveg til skulen, kan ei avvikling av

Austrheim vgs føre til at dei får reisetid langt over 1 time kvar **veg med buss** eller i realiteten må busetje seg på hybel. Dette blir eit klart brot på HFK sin intensjon med omsyn til kriterier for reisetid.

**Opprusting/utbygging av Austrheim vidaregåande skule må vurderast snarast. Dersom det er aktuelt å byggje ny skule på Austrheim, bør det vurderast anna geografisk plassering nærare Mongstad/Fonnes.**

4. Kommunestyret i Lindås erfarer at det har vore godt samarbeid med næringslivet i distriktet med omsyn til samarbeid om lærlingeplassar. Det vil vere feil å byggje ned tal studieplassar i Nordhordland distrikt så lenge vi har høve til å tilby læreplassar her. **Viser til at region Nordhordland har aukande elevtal i planperioden.**
5. Kommunestyret i Lindås er overraska over at HFK vil byggje ned studietilbodet i regionen, og vil argumentere sterkt for at HFK i staden vurderer å etablere fleire studietilbod i regionen. **Studietilbodet Service og samferdsel ved Knarvik vgs bør oppretthaldast, og i tillegg er det eit stort ønskje om å få tilført faget Kunst, design og arkitektur samt idrettsfag som studietilbod i regionen.** Det er stort idrettsengasjement i regionen, med aktive idrettslag og Knarvikmila, for å nemne eit par interessantar. Med idrettsanlegga i regionen vil det vere mogleg å samarbeide med HFK om det å byggje opp eit studietilbod innafor Idrettsfag. Regionen har også behov for studietilbod retta mot Medium og kommunikasjon, Musikk, dans, drama samt Vaksenopplæring.
6. **Kommunestyret i Lindås vil peike på at det er eit stort behov for å samlokalisere Knarvik vidaregåande skule, og ber om at framdrifta med omsyn til dette blir framskunda.**

## **Kommunestyret - 042/16**

### **KO - behandling:**

### **Fellesframlegg:**

*Innstillinga frå Formannskapet med følgjande endring og tillegg:*

*Lindås kommune sender uttale til Hordaland Fylkeskommune sin skulebruksplan som er på høyring. Kommunestyret gir i sitt høyringssvar uttale på kva for moment som må takast omsyn til i høve til vidaregåande opplæring i Nordhordland. Politisk nivå i Lindås kommune har handsama HFK sitt framlegg til rullert Skulebruksplan i Levekårsutvalet og i Kommunestyret, og ønskjer å kome med følgjande innspel:*

1. *Kommunestyret i Lindås vil peike på at det er eit stort behov for å samlokalisere Knarvik vidaregåande skule, og ber om at framdrifta med omsyn til dette blir framskunda.*
2. *Kommunestyret i Lindås erfarer at det har vore godt samarbeid med næringslivet i distriktet med omsyn til samarbeid om lærlingeplassar. Det vil vere feil å byggje ned tal studieplassar i Nordhordland distrikt så lenge vi har høve til å tilby læreplassar her. Viser til at region Nordhordland har aukande elevtal i planperioden. **Det er viktig at begge nærskulane i Nordhordland vært videreutvikla.***
3. *Kommunestyret i Lindås er overraska over at HFK **vurderer å byggje ned studietilbodet i regionen, og vil argumentere sterkt for at HFK i staden vurderer å etablere fleire studietilbod i regionen. Studietilbodet Service og samferdsel ved Knarvik vgs bør oppretthaldast, og i***

*tilllegg er det eit stort ønskje om å få **tilbakeført** faget Kunst, design og arkitektur samt idrettsfag som studietilbod i regionen. Det er stort idrettsengasjement i regionen, med aktive idrettslag og Knarvikmila, for å nemne eit par interessentar. Med idrettsanlegga i regionen vil det vere mogleg å samarbeide med HFK om det å byggje opp eit studietilbod innafor Idrettsfag. Regionen har også behov for studietilbod retta mot Medier og kommunikasjon, Musikk, dans, drama , **Vaksenopplæring og Innføringsklasser**.*

*4. Kommunestyret i Lindås støttar HFK sine framlegg til kriterier om reisetid, og vurderer det som positivt at HFK ønskjer å leggje til rette for at elevar på Vg1 bør kunne bu heime samt ikkje ha meir enn 1 time reiseveg frå bustaden til skulen.*

*5. Kommunestyret i Lindås har forståing for at ein må koordinere tilbod og etterspørsel også innafor vidaregåande opplæring samt at det er kostbart å drive skular med ledige elevplassar. Vi kan likevel ikkje akseptere at studieplassar i distrikta blir avvikla grunna ledig kapasitet i sentrale strøk.*

*6. Kommunestyret i Lindås vil spele inn at frå hausten 2017 vil elevar i vidaregåande skule ha rett til å gå på nærskulen sin. Det vil i denne samanheng vere feil å avvikle nærskulen i Austrheim, då dette bryt med HFK sine eigne kriterier for reisetid. For dei elevane med lengst reiseveg til skulen, kan ei avvikling av Austrheim vgs føre til at dei får reisetid langt over 1 time kvar veg med buss eller i realiteten må busetje seg på hybel. Dette blir eit klart brot på HFK sin intensjon med omsyn til kriterier for reisetid. Opprusting/utbygging av Austrheim vidaregåande skule må vurderast snarast. Dersom det er aktuelt å byggje ny skule på Austrheim, bør det vurderast anna geografisk plassering nærare Mongstad/Fonnes.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KO - vedtak:**

Lindås kommune sender uttale til Hordaland Fylkeskommune sin skulebruksplan som er på høyring. Kommunestyret gir i sitt høyringssvar uttale på kva for moment som må takast omsyn til i høve til vidaregåande opplæring i Nordhordland. Politisk nivå i Lindås kommune har handsama HFK sitt framlegg til rullert Skulebruksplan i Levekårsutvalet og i Kommunestyret, og ønskjer å kome med følgjande innspel:

1. Kommunestyret i Lindås vil peike på at det er eit stort behov for å samlokalisere Knarvik vidaregåande skule, og ber om at framdrifta med omsyn til dette blir framskunda.

2. Kommunestyret i Lindås erfarer at det har vore godt samarbeid med næringslivet i distriktet med omsyn til samarbeid om lærlingeplassar. Det vil vere feil å byggje ned tal studieplasssar i Nordhordland distrikt så lenge vi har høve til å tilby læreplassar her. Viser til at region Nordhordland har aukande elevtal i planperioden. Det er viktig at begge nærskulane i Nordhordland vært vidareutvikla.

3. Kommunestyret i Lindås er overraska over at HFK vurderer å byggje ned studietilbodet i regionen, og vil argumentere sterkt for at HFK i staden vurderer å etablere fleire studietilbod i regionen. Studietilbodet Service og samferdsel ved Knarvik vgs bør oppretthaldast, og i tillegg er det eit stort ønskje om å få tilbakeført faget Kunst, design og arkitektur samt idrettsfag som studietilbod i regionen. Det er stort idrettsengasjement i regionen, med aktive idrettslag og Knarvikmila, for å nemne eit par interessentar. Med idrettsanlegga i regionen vil det vere mogleg å samarbeide med HFK om det å byggje opp eit studietilbod innafor Idrettsfag. Regionen har også behov for studietilbod retta mot Medier og kommunikasjon,

Musikk, dans, drama , Vaksenopplæring og Innføringsklasser.

4. Kommunestyret i Lindås støttar HFK sine framlegg til kriterier om reisetid, og vurderer det som positivt at HFK ønskjer å leggje til rette for at elevar på Vg1 bør kunne bu heime samt ikkje ha meir enn 1 time reiseveg frå bustaden til skulen.

5. Kommunestyret i Lindås har forståing for at ein må koordinere tilbod og etterspørsel også innafor vidaregåande opplæring samt at det er kostbart å drive skular med ledige elevplassar. Vi kan likevel ikkje akseptere at studieplassar i distrikta blir avvikla grunna ledig kapasitet i sentrale strøk.

6. Kommunestyret i Lindås vil spele inn at frå hausten 2017 vil elevar i vidaregåande skule ha rett til å gå på nærskulen sin. Det vil i denne samanheng vere feil å avvikle nærskulen i Austrheim, då dette bryt med HFK sine eigne kriterier for reisetid. For dei elevane med lengst reiseveg til skulen, kan ei avvikling av Austrheim vgs føre til at dei får reisetid langt over 1 time kvar veg med buss eller i realiteten må busetje seg på hybel. Dette blir eit klart brot på HFK sin intensjon med omsyn til kriterier for reisetid. Opprusting/utbygging av Austrheim vidaregåande skule må vurderast snarast. Dersom det er aktuelt å byggje ny skule på Austrheim, bør det vurderast anna geografisk plassering nærare Mongstad/Fonnes.

#### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til uttale i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Hordaland Fylkeskommune har sendt skulebruksplan for 2017-2030 på høyring. Framlegg til justert skulebruksplan 2017-2030 inneber for Nordhordland sin del at Austrheim vgs vert lagt ned og at tilboda ved denne skulen blir flytta til Knarvik vgs.

#### *Om Knarvik vgs (henta frå høyringsdokumentet):*

Det ligg føre planar om samlokalisering av skulen på Juvikstølen. Ein må ta omsyn til at elevane frå Austrheim vgs får eit tilbod i tråd med kriteria i skulebruksplanen.

- Når nye Åsane vgs står klar hausten 2020, vil denne ha god kapasitet til å avlaste Knarvik vgs.
- Tilbodet ved Austrheim vgs bør om mogleg vidareførast til nye Åsane vgs står klar.
- Framtidig studietilbod i Knarvik:
  - Tilbod innan alle dei store yrkesfaga, men:
    - Service og samferdsel – Bergen-Nord og Sentrum

- Restaurant og matfag – Bergen sør
- Naturbruk – regionalt fylkestilbod
- Studieførebuande fag i Knarvik:
  - Påbygging generell studiekompetanse
  - Studiespesialisering
- Tilbod i bydelar i Bergen:
  - Medium og kommunikasjon
  - Musikk, dans og drama
  - Idrettsfag
  - Kunst, design og arkitektur (nytt fag frå h 2016, erstatta Formgjevingsfaget)

Levekårsutvalet hadde saka til orientering 24.05.16 og diskuterte framlegg til rullert skulebruksplan. Innhaldet i diskusjonen er samanfatta av rådmannen og følgjer som vedlegg til denne saka.

### **Vurdering**

Innhaldet i vedlegget som følgjer saka vil bli justert i samsvar med prioriteringar frå den politiske handsaminga fram mot kommunestyremøtet.